

Kopi til:

Til kontrollutvalet i Sogn og Fjordane  
fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune

### **Vurdering av oppdragsansvarlig revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune**

I følgje forskrift om revisjon av 15.6.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år leggje fram ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til fylkeskommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidrarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet. I SF revisjon IKS sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i fylkeskommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærmare beskrive nedanfor.

#### **Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:**

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

- *vere tilsett i andre stillingar i fylkeskommunen eller i verksemd som fylkeskommunen deltek i,*
- *vere medlem av styrande organ i verksemd som fylkeskommunen deltek i*
- *eller ha funksjonar i annan verksemd når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretak revisjon*
- *eller ha nærliggende (ektefelle, sambuar, nære slektingar) som har slik tilknyting til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.*

I tillegg stiller lova, § 79, og forskrifta, § 14, følgjande atterhald:

- revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
- revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - fylkeskommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmekting for den revisjonspliktige; - unntake ved bistand i skattesaker, m.m. etter domsstollov.
- det må ikkje ligge føre andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvane

**Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:**

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikke tilsettingsforhold i stillinger som har direkte eller indirekte verknad på Sogn og Fjordane fylkeskommune eller selskap/verknader som på nokon måte kan knytas til Sogn og Fjordane fylkeskommune.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikke medlem av styrande organ i noko verksemd som fylkeskommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikke i, eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærståande	<i>Underteikna har ikke nærståande som har tilknyting til Sogn og Fjordane fylkeskommune, som har verknad for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<p><i>Underteikna stadfester at det for tida ikke vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor Sogn og Fjordane fylkeskommune som kjem i konflikt med denne avgjersla.</i></p> <p><i>For slike tenester vert utført av SF revision IKS, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med reglar i forskrifta § 14, skal revisor ikke utføre tenesta. Kvart ein skild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor svarer dagleg på spørsmål og framlegg som er å sjå på som rettleiing og bistand i det laupande forvaltningsarbeidet i fylkeskommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike rettleiingar må skje med varsemd og på ein måte som ikke bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p>
Pkt. 6: Tenester under fylkeskommunen sine eigne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.m.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikke vert ytt tenester overfor Sogn og Fjordane fylkeskommune som hører inn under fylkeskommunen sine eigne leiaroppgåver og kontolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller SF revision IKS for tida opptrer som fullmektig for Sogn og Fjordane Fylkeskommune.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne forhold	<i>Underteikna kjenner ikke til andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor Sogn og Fjordane fylkeskommune.</i>

Med vennleg helsing

Marianne Vara

Oppdragsansvarlig revisor